



Meland kommune
Prosjekt Glade bønder v/landbruk

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/221 - 14/790

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
06.06.2014

Løyving av tilskot til prosjekt Glade bønder i 2014

Administrativt vedtak. Saknr: 013/2014

Saksutgreiing:

Styringsgruppa for Glade Bønder søkjer kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Meland, Modalen, Masfjorden og Radøy tilskot på kr. 7500 p.r. kommune, til vidareutvikling av prosjekt Glade bønder. Prosjektet har i januar 2014 fått løyvd kr. 75 000 frå fylkesmannen, landbruksavdelinga på vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert, m.a. med tilskotsmidlar frå kommunane.

Glade bønder er eit prosjekt med visjon om å skapa glød og begeistring for landbruket i Nordhordland og har vore i drift sidan 2010. Målgruppa er unge/nye bønder som ynskjer eit fagleg og sosialt nettverk i landbruket. Styringsgruppa har representant mellom anna frå Modalen.

Kjerneområda for arbeidet er delt i 4 aktivitetar:

- sosiale aktivitetar
- faglege aktivitetar
- synleggjering av landbruksnæringa
- rekruttering.

Det har vore gjennomført ei rekke kurs og temakvelder sidan oppstart. Denne våren har det m.a. vore kurs i: grøfting, gjerdehold, hold vurdering på villsau og lyngsviing.

Planane framover er å jobba for at det vert ein varig organisasjon nettverk. Prosjektet vil halda fram med å arrangera kompetansegivande kurs innanfor husdyrbruk, agronomi, økonomi og bygdenæringar. Kunnskap er den viktigaste innovasjonsfaktoren ein har og ei satsing på auka kompetanse vil difor vera viktig for framtida til landbruket. Profilering er eit anna satsingsområde. Der ein ved å fortelja dei gode historiane kan bidra til å skapa eit positiv syn på landbruket.

Vurdering:

Modalen kommune har dei siste åra satsa mykje på landbruk, både gjennom tilskotsordningar og ved å leggja til rette for ei god kommunal landbruksforvaltning. Det er imidlertid få gardbrukarar att i kommunen, og det er difor viktig at dei kan ha tilgang til kurs og nettverksbygging i resten av regionen. Etter kvart som det vert færre bønder ser ein at det er vanskeleg å halda oppe eit godt landbruksmiljø, og samarbeid kan vera eit tiltak for å møte denne utfordringa. Prosjektet har prøvd å få til eit kurs i Helse, miljø og tryggleik i Modalen, det var ikkje nok deltakarar denne gongen, men ein kan prøva att ved seinare høve. Elles er kurs og temakveldar opne for alle interesserte i regionen.

Modalen kommune meiner at det er fornuftig å støtta prosjektet med kr. 7 500, - som omsøkt, og at det vert dekkja av budsjettpost landbruk.

Vedtak

Modalen kommune løyver kr. 7 500 i tilskot til Prosjekt Glade bønder for perioden 2014 og 2015. Tilskotet vert dekkja av landbruksbudsjettet ansvar 3000. teneste 3290, art 14700.

Med helsing

Laila Bjørge
landbruksjef
landbruksjef
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Meland kommune

Prosjekt Glade
bønder v/landbruk